



Bolig & Eiendom AS  
Stølen 26 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1350 - 19/38932

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
19.12.2019

## Ferdigattest bruksendring og etablering av ny bueining - gbnr 188/241 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 820/19

**Tiltakshavar:** Shengze Mo  
**Ansvarleg søkjar:** Bolig & Eiendom AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.07.15. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.12.19.

### Skildring

Adresse:	Stallane 29
Bygningstiltak:	Fasadeendring, bruksendring og oppretting av ny bueining
Bygningsnummer:	176252308-1
Bruksareal:	Medfører ikkje auke i BRA
Vatn og avlaup:	offentleg

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fasadeendring, bruksendring og oppretting av ny bueining på eigedom gbnr 188/241.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1350

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bolig & Eiendom AS	Stølen 26 A	5911	ALVERSUND
Shengze Mo	Stallane 29	5914	ISDALSTØ
Shengze Mo	Stallane 29	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Bolig & Eiendom AS	Stølen 26 A	5911	ALVERSUND
--------------------	-------------	------	-----------